

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 2/2007

Møtedato: 17.1.07

Arkiv nr: F 467

F 467, Vaset – søknad om ny veg

Festaren Marianne Thorsen søker om å få leggja om vegen fram til feste 467 i Vastlia. Grunngevinga er at vegen ikkje kan brøytast på vinteren og at det er krevjande for kjøretøya og gåande om sumaren. Hyttene i dette gamle feltet var laga utan tanke på tilkomst med bil.

Vegen er tenkt lagt frå Panoramavegen frå innkjøring til S 847. Dette arealet i kommunedelplan for Vaset regulert til alpinformål og omsøkt veg kryssar heile denne traseen. Det er derfor uaktuelt å godkjenne veg i det som er avsett til nedfartsløype. Området aust for festet er regulert til fritidsbustadar, men skiløypa kjem på nedsida og hindrar framføring av vinterveg.

I eit område som Vaset med så mange utbyggingsinteresser bør vegløyising planleggast i fellesskap der alle interesser blir vurdert.

Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn ikkje å kunne tilrå at det blir laga til veg gjennom området som er avsett til alpinanlegg. Skal det lagast ny veg må dette skje ved ei felles plan for området og utan at det kjem i strid med alpinanlegg eller skiløype.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.1.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Marianne Thorsen